



Elin Enes vil gjerne takka på uskedalen.no for den enorme responsen ho har fått etter at ho spurde etter bilete frå bygda som skal presenterast til veka i Oslo. Ho har fått mange epostar og telefonar frå folk som gjerne vil hjelpa. Resultatet er mykje godt materiale å velja i frå mange flinke fotografar.

Elin har bakedag på sundag, Ho bakar opp julebrød, tebrød og anna godt som er til sals i butikken frå klokka 12 til 16. Dette er ein god sjanse til å få fersk og god kaffimat på sundag.

Elin har og investert i eit stort frysenskap der ho har fått plass til ulike bakervarer, syltetøy, konfekt og glutenfritt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen